

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: onsdag 14. februar 2024
Tid: kl. 14.00
Stad: Vindafjord rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sendt medlemmer/varamedlemmer.

Sakskart vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

I etterkant av møtet inviterer Rogaland Revisjon til dialogmøte for å få innspel i arbeidet med ny risiko- og vesentleganalyse.

SAKSLISTE:

01/24 Godkjenning av protokoll frå møtet 27.11.23

02/24 Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde

03/24 Plan for orienteringar frå administrasjonen

04/24 Årsmelding for 2023 frå kontrollutvalet

05/24 Referat- og orienteringssaker

Ymse

Aksdal, 07.02.24

Håvard Rørtveit
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (til orientering)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.24	01/24
Saksansvarlig	Arkivkode	
Sjur Hatlen	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 27.11.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 27.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møtet 27.11.23

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 27.11.23 følgjer vedlagt. Protokollen er førebels godkjent av leiar og sendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagte protokoll.

Protokollen blir endeleg godkjent i dette møtet, og signert av utvalsleiar.

Aksdal, 07.02.24

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 27. november 2023 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiding av utvalsleiar Håvard Rørtveit.

MØTESTED:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 15.00 – 16.50
MØTENDE MEDLEMMER:	Håvard Rørtveit (H), Steinar Skartland (Krf), Liv Hovland Ruud (SV), Olaug Mari Øen (Sp), og Knut Jørgen Sandvik (VL)
MØTENDE VARAMEDLEMMER:	1. vara Dagfinn Kvamme (Frp)
FORFALL:	Ingen
FRA SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær Sjur Hatlen - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRA ROGALAND REVISJON:	Revisor Therese Bjørkeland
FRA ADMINISTRASJONEN:	Kommunaldirektør Yngve Folven Bergesen, deltok i starten av møtet.
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 14/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.09.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 13.09.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.23:

Utvalet hadde ingen merknader. Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.23:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 13.09.23 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 15/23 KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER OG ANSVAR

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen av utvalet sine oppgåver og ansvar til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.23:

Leiar innleia om saka. Sekretær orienterte om utvalet sine ulike oppgåver, mandat og ansvarsområde og svarte på spørsmål frå medlemmane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.23:

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen av utvalet sine oppgåver og ansvar til orientering.

SAK 16/23 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 22.06.23 og 26.06.23, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.23:

Revisor viste til erklæringane. Medlemmene hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.23:

Vindafjord kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 22.06.23 og 26.06.23, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 17/23 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2023 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.23:

Revisor hadde ei grundig orientering om revisjonsstrategien. Ho forklarte mellom anna om vesentlegheitsgrenser, risikovurderingar, planlagde angrepsvinklar og om forenkla etterlevingskontroll. Ho viste også nokre nøkkeltal for kommunen. Medlemmene fekk svar på spørsmål frå revisor.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.23:

Vindafjord kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2023 til orientering.

SAK 18/23 BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERINGAR OG PLANAR FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2023 - 2027 FOR VINDAFJORD KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023-2027 for Vindafjord kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektmandat/ med desse endringane.

Ramma vert sett til 115 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.23:

Revisor gjorde greie for bakgrunn for saka og viste til prosjektmandatet. Utvalet stilte spørsmål mellom anna om dei kunne komme med ønskjer og omfanget av forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Revisor svara og sekretær informerte om kor mange timar som var sett av til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i 2024.

Utvalet hadde ingen merknadar og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.23:

Vindafjord kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023-2027 for Vindafjord kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektmandat.

Ramma vert sett til 115 timar.

SAK 19/23 MØTEPLAN FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2024:

onsdag 14. februar, 22. mai, 11. september og 6. november kl. 14.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.23:

Leiar orienterte kort om framlegget. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.23:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2024:

onsdag 14. februar, 22. mai, 11. september og 6. november kl. 14.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 20/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 27.11.23

21. Statusrapport pr. november 2023
22. Kst. vedtak 24.10.23 sak 61/23 – Val av kontrollutval 2023-2027
23. Kst. vedtak 14.11.23 sak 71/23 - Oppfølging av rapport - "Digitalisering og IKT"
24. Innkalling til representantskapsmøte 08.12.23 – Haugaland Vekst IKS
25. Invitasjon til dagskonferanse i Sandes 18.01.24 – program vert sendt når det klart
26. Invitasjon til NKRF's kontrollutvalgskonferanse 1. – 2. februar – se www.nkrf.no
27. «Kontrollutvalget er verken klageinstans eller domstol» – Kommunal rapport 24.07.23
28. «Kommunestyret må kjenne sitt kontrollansvar» – Kommunal rapport 19.09.23

Handsaming i kontrollutvalet 27.11.23:

Leiar orienterte kort om referatsakene. Medlemmer som ønskjer å reise på konferansar melder frå til sekretariatet.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.11.23:

Referatsaker 21 – 28 blir tatt til orientering.

YMSE

Utvalet hadde bedt om ei løypemelding frå revisor om revisjonsprosjektet «Plan og byggjesak». Revisor orienterte om prosjektet og om at revisjonen hadde hatt utfordringar med å få lister over byggjesøknadane frå kommunen. Forvaltningsrevisor ønsket difor å nytta entreprenørane som respondentar i datainnsamlinga. Utvalet ga uttrykk for at dei ønsket at søkjarane blei spurd. Revisor svara at ein då må utvide ramma for prosjektet.

Utvalet blei samd om at dei ønsket rapporten i februarmøte og at revisor nyttar entreprenørane som respondentar.

Neste møte: onsdag 14.02.24, kl. 14.00

Saker: revisjonsrapport «Plan og byggjesak», årsmelding for 2023, arbeid med ROV-analysen og plan for orienteringar.

Ølen/Aksdal, 27.11.23

Håvard Rørtveit
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.24	02/24
Saksansvarleg		Arkivkode
Sjur Hatlen		216

ROGALAND REVISJON IKS OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 14.11.23 til orientering.

Vedlegg: engasjementsbrev frå Rogaland Revisjon, dagsett 14.11.23

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal halde seg informert om revisjonsarbeidet og sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet må difor ha kunnskap om revisor sine oppgåver og ansvar.

Saksorientering

Revisor har i sitt engasjementsbrev omtala si forståing av revisjonsoppdraget og innhaldet i revisjonsarbeidet med utgangspunkt i revisjonsvedtektene som gjeld for kommunar og fylkeskommunar. Brevet omtalar revisor sine oppgåver og plikter og kva revisor ventar at leiinga og administrasjonen gjer i samanheng med at dei legg fram rekneskapen. Eit av hovudpunkta i brevet omtalar rapportering frå revisor og dialog med kontrollutvalet og administrasjonen. Den/dei som utfører revisjon eller annen kontroll for kommunen skal jamleg vurdere sin sjølvstendige status. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin sjølvstendige status til kontrollutvalet. Eigenerklæring frå oppdragsansvarleg revisor blei handsama i møtet 27.11.23.

Sekretariatet sine vurderingar

Engasjementsbrevet frå revisor gir kontrollutvalet kunnskap om revisor si rolle og ansvarsområde. Det blir gitt informasjon om lov, forskrifter og faglege standardar som ligg til grunn for revisor sitt arbeid. Informasjonen er grunnleggjande for kontrollutvalet sine oppgåver, mellom anna med å sjå til at rekneskapen blir revidert på trygt vis.

Aksdal, 07.02.24

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget i Vindafjord kommune

ENGASJEMENTSBREV - VINDAFJORD KOMMUNE

1. Innledning

Rogaland Revisjon IKS ble gjennom selskapsavtale sist justert 17.03.2023, valgt til revisor for Vindafjord kommune. Revisjonen består av regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov og andre uttalelser og kontrollhandlinger, og omfatter revisjonen av kommuneregnskapet, årsregnskapene for kommunale foretak og konsolidert årsregnskap.

Med utgangspunkt i de revisjonsbestemmelsene som gjelder for kommuner og fylkeskommuner, herunder standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet beskrive vår forståelse av revisjonsoppdraget, slik at utvalget får en oppfatning av rollefordeling og hva som kan forventes av oss.

Utkast til budsjett fremmes til kontrollutvalget, som iht. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 legger frem eget budsjett for kommunestyret for godkjenning. Rogaland Revisjon IKS legger frem tertialrapport over tidsforbruk sammenholdt mot rammen. Tilleggstjenester avtales spesielt.

2. Revisjonen - formål og innhold

Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov, jf. kommuneloven § 24-2. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal virksomhet skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er en rettslig standard. Innholdet i dette begrepet er normert av kommunelovens bestemmelser om revisjon, tilhørende forskrifter og etablerte og anerkjente standarder på området. Som medlem av NKRF – kontroll og revisjon i kommunene er vi underlagt jevnlig eksterne kvalitetskontroller.

Revisor har plikt til løpende å foreta en vurdering av egen uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget i samsvar med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19.

Ledelsens ansvar

I henhold til kommuneloven er kommunedirektøren ansvarlig for at kommunens interne kontroll og forskrifter følges, herunder at økonomiforvaltningen er ordnet på en betryggende måte. Det er også kommunedirektørens ansvar å utarbeide og fremme kommunens årsberetning og avlegge årsregnskapet i samsvar med bestemmelsene i kommuneloven, forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. og god kommunal regnskapsskikk.

Kommunens ledelse har også ansvaret for at vi som revisor har ubegrenset tilgang til registrerte opplysninger, dokumentasjon og annen informasjon vi finner nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontrakter, protokoller mv. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelser og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalgets ansvar

Kommunestyret er kommunens øverste organ, og har det øverste ansvaret for å kontrollere den kommunale forvaltning. Kommunestyret velger selv et kontrollutvalg til å forestå løpende kontroll med den kommunale forvaltning på sine vegne. Kontrollutvalget skal påse at kommunens regnskap blir forsvarlig revidert. Videre skal kontrollutvalget påse at det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet og av selskaper kommunen har eierinteresser i. Kontrollutvalget skal også påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper (eierskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak, kommuneloven § 23-3.

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring, jf. kommuneloven § 23-4.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide planer som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller. Planene skal baseres på en risikovurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper og av kommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Planene skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen. Kontrollutvalget bestiller forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller basert på plan vedtatt av kommunestyret.

Innenfor forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll er det NKRF som er det standardsettende organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den enkelte forvaltningsrevisjon/eierskapskontroll vil være beskrevet ved planlegging og rapportering av hvert oppdrag, slik at denne oppgaven

ikke blir beskrevet ytterligere i dette brevet. Se for øvrig nærmere om rapportering under eget avsnitt.

Oppdragsansvarlig revisor utpekes av revisjonsenheten til hvert oppdrag i forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Regnskapsrevisjon

Årsregnskapet og de aktuelle delene av årsberetningen

I regnskapsrevisjonen er vår hovedoppgave å kontrollere om årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon og å avgi en uavhengig uttalelse (revisjonsberetning) om at revisor har betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon og at det er avgitt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktiges ledelse har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Vi kontrollerer om årsberetningen inneholder de opplysningene som lov og forskrift krever, og om opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet. Vi ser også etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og om vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene er dekkende beskrevet i årsberetningen.

Årsregnskapet, herunder konsolidert årsregnskap, skal iht. kommuneloven § 14-6 være avlagt av kommunedirektøren innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis senest 31. mars.

Videre er det vår oppgave å se etter at kommunen har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte og med forsvarlig kontroll.

Revisjonens utførelse og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk innebærer blant annet at vi kontrollerer utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, foretar analytiske vurderinger og andre revisjonshandlinger som vi etter forholdene finner hensiktsmessige.

På grunn av en revisjons iboende begrensninger, sammen med den interne kontrollens iboende begrensninger, er det alltid risiko for at ikke all vesentlig feilinformasjon i regnskapet avdekkes, selv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Ved vår risikovurdering vurderer vi de interne kontrollene som er relevant for kommunens eller enhetens utarbeidelse av årsregnskapet med det formål å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for effektiviteten av enhetens interne kontroll. Slike revisjoner eller gjennomganger vil eventuelt kunne avtales.

Generelt vil en effektiv intern kontroll redusere risikoen for at misligheter og feil vil oppstå uten å bli avdekket, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil påvirkes av kvaliteten på, og effektiviteten av kommunens interne kontroll, samt regnskaps- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftlig om eventuelle vesentlige mangler i den interne kontrollen som vi har identifisert under revisjonen, se nærmere om dette under avsnittet rapportering.

Registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i revisjonsberetningen, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». De valgte kontrollhandlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for vesentlige mangler.

Ved vurderingen av ledelsens plikter med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger, innhenter revisor informasjon om kommunens interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.

Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen

I samsvar med kommuneloven § 24-9 er det vår oppgave å se etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Kontrollen skal i utgangspunktet gjennomføres med begrensede ressurser og baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering som legges fram for kontrollutvalget. Resultatet av kontrollen rapporteres i en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget som avgis senest 30. juni.

Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og avgis etter RSK 301 «Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen». Standarden krever at vi etterlever etiske krav, planlegger og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå moderat sikkerhet i uttalelsen om etterlevelse på det området som velges for kontroll.

Misligheter

Revisor bidrar gjennom revisjonen til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Hvis revisor avdekker eller på annen måte blir kjent med misligheter, skal revisor straks melde fra om det til kontrollutvalget i nummerert brev, dette fremkommer i kommuneloven § 24-7.

Når saksforholdet er nærmere klarlagt, skal revisor sende nytt brev til kontrollutvalget. Revisor skal sende kopi av brevet til kommunedirektøren.

Andre bekreftelser enn revisjonsberetningen som inngår i oppdraget

Vi vil avgi følgende revisorbekreftelser mv. i samsvar med lov og god kommunal revisjonsskikk:

- Underskrift på kontrolloppstilling over bokførte og innberettede beløp (skatteforvaltningsforskriften § 7-2-11)
- Kompensasjonsmelding for merverdiavgift
- Bekreftelser på prosjektregnskap o.l. i henhold til ISA 805
- Uttalelse om kommunens dokumentasjon for låneopptak, jf. kommuneloven § 14-14
- Bekreftelse av kommunens rapportering av antall personer med psykisk utviklingshemming
- Refusjonskrav for utgifter til særlig ressurskrevende tjenesterhelse- og omsorgstjenester
- Andre revisjonsbekreftelser etter forespørsel fra kommunen

Oppdragsansvarlig revisor

Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor er undertegnende.

Eventuelt skifte av oppdragsansvarlig regnskapsrevisor vil bli varslet skriftlig til kontrollutvalget.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument hos kommunen og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

Både oppdragsansvarlig revisor og revisjonsmedarbeiderne har taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13e. Dette følger av kommunelovens § 24-2 femte ledd. Det er gjort unntak fra taushetsplikten for rapportering av mulige straffbare handlinger, herunder ivaretagelse av rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Taushetsplikten gjelder ubegrenset i tid, også etter at oppdraget er avsluttet.

Taushetsplikten er dog ikke til hinder for at kontrollutvalget får den informasjon om resultater av revisjonen som er nødvendige.

Våre leverandører av IKT-tjenester og -programvare får tilgang til fortrolig informasjon når det er nødvendig i forbindelse med drift av og endringer i våre informasjonssystemer. Vi har ansvar for å ha et forsvarlig system for informasjonssikring. Dette omfatter også våre leverandører av IKT-tjenester.

Årsregnskapet, herunder konsolidert årsregnskap, skal iht. kommuneloven § 14-6 være avlagt av kommunedirektøren innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis senest 31. mars.

4. Rapportering og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget utarbeides for hver valgperiode eller oftere dersom det er forhold som tilsier det.

Revisjonen utarbeider oppstartsbrev årlig i forbindelse med oppstart av regnskapsrevisjonen og ved oppstart av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet og eierskapskontrollen. Oppstartsbrevene sendes administrasjonen.

Revisjonen rapporterer forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller til kontrollutvalget i egne rapporter.

Regnskapsrevisjonen rapporteres slik til kontrollutvalget:

1. Presentasjon av revisjonsstrategi ved inngangen til nytt revisjonsår
2. Oppsummering av årets revisjon og revisjonsresultater ved avslutning av revisjonen
3. Revisjonsberetning
4. Nummererte brev (se nedenfor)
5. Skriftlig uttalelse om forenklet etterlevelseskontroll

Vi legger vekt på å ha en god dialog med kontrollutvalget.

Nummererte brev

Vi kan gjennom regnskapsrevisjonen finne forhold som ikke blir påpekt i revisjonsberetningen, men som vi finner det nødvendig å påpeke i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalget med kopi til kommunedirektøren. Kontrollutvalget har et ansvar for å påse at forhold som er påpekt av revisor blir fulgt opp.

I henhold til kommuneloven § 24-7 skal revisor påpeke følgende forhold i nummererte brev:

- a. vesentlige feil som kan føre til at årsregnskapet ikke gir riktig informasjon
- b. vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- c. vesentlige mangler ved den økonomiske internkontrollen
- d. manglende eller mangelfull redegjørelse i årsberetningen for vesentlige budsjettavvik
- e. enhver mislighet
- f. hvorfor han eller hun ikke har skrevet under på oppgaver som kommunen eller fylkeskommunen skal sende til offentlige myndigheter, og som revisor etter lov eller forskrift skal bekrefte
- g. hvorfor han eller hun sier fra seg revisjonsoppdraget.

Revisor skal årlig gi en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om forhold som er tatt opp i nummererte brev, men som ikke er rettet opp eller som ikke er tilstrekkelig fulgt opp.

Brev med påpekning av mindre vesentlige feil eller mangler vil bli sendt direkte til administrasjonen.

Uttalelser fra kommunens ledelse

I forbindelse med årsavslutningen vil vi i henhold til god kommunal revisjonsskikk innhente en skriftlig uttalelse fra ledelsen om fullstendigheten og riktigheten av de opplysninger som gis i årsregnskapet. På samme måte er vi pålagt å innhente skriftlige uttalelser fra ledelsen om kjennskap til eller mistanke om misligheter mv. Disse uttalelsene vil innhentes fra administrasjonen.

I forbindelse med avslutningen av forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen innhenter revisor en skriftlig uttalelse fra ledelsen for den aktuelle kontrollen.

5. Personvern

For å gjennomføre revisjonen og andre oppdrag under dette engasjementsbrevet, vil vi behandle personopplysninger slik det er beskrevet i vår personvernerklæring.


Personvernerklæringen er tilgjengelig på vår nettside [Hjemmeside - revisjonsselskap]. Vi er behandlingsansvarlig etter personvernreglene for de personopplysningene vi behandler i forbindelse med oppdraget og vi inngår derfor ikke en databehandleravtale.

6. Andre tjenester

Vår organisasjon har medarbeidere med betydelig kompetanse og praksis innenfor mange fagområder. Dette gjør oss i stand til å yte kompetent veiledning til dere, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i et stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innenfor intern kontroll, merverdiavgift, regnskapsføring, budsjetter, lov og forskrifter osv., så langt det lar seg gjøre innenfor vår oppgave som revisor.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalgets forståelse av revisors rolle og ansvarsområder, og vi ser frem til et godt og konstruktivt samarbeid. Hvis noe er uklart eller utvalget har spørsmål, er det bare å ta kontakt.

Stavanger, 14.11.2023
Rogaland Revisjon IKS


Therese S. Bjørkeland
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.24	03/24
Kommunestyret		
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	033	

PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

22.05.24	økonomiavd. v/kommunalsjef
11.09.24	helse og omsorg v/kommunalsjef
06.11.24	oppvekst v/kommunalsjef

1. møte 2025	
2. møte 2025	
3. møte 2025	
4. møte 2025	

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.


Saksorientering:

Kontrollutval i førre periode var nøgd med å få orienteringar om drifta av kommunen og kva som skjer innan resultatområda. Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg i 2024 og for neste år.

Kontrollutvalet vil på denne måten kunne bli betre kjent med kommunen si drift og utfordringar.

Ut frå planen blir einingsleiarane invitert til kontrollutvalsmøta, for på generell basis å gjere greie for sitt arbeids- og ansvarsområde.

Vindafjord kommune sitt organisasjonskart (henta frå heimesida):



Dersom utvalet ønskjer det kan planen seinare bli oppdatert og ein kan invitere andre leiarar som til dømes skulesjef, barnehagesjef, omsorgssjef og fagsjef.

Sekretariatet har laga eit framlegg til plan for dei ulike orienteringane. Utvalet kan endre på planen slik dei måtte ønskje. Det kan uansett bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, kan dei sendast sekretariatet i forkant av møtet.

Aksdal, 07.02.24

Sjur Hatlen
Rådgivevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.24	04/24
Kommunestyret		
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2023 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2023 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2023

Saksorientering:

I følgje kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2023 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2023 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 07.02.24

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I VINDAFJORD



ÅRSMELDING
2023

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2023.

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal **"kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret"**.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som på vegne av kommunestyret skal syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstilling til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Anne T. S. Andersen (H)
Medlem	Kjell Over Leite (H)
Medlem	Knut S. Berge (Frp)
Medlem	Eivind Hetland (Krf)
Medlem	Olaug Mari Øen (Sp)

Varamedlemmer

1. Øyvind Oland (H)
2. Inga E. Steinsland (Sp)
3. Gunnstein Koch (Krf)
4. Sverre Hustveit (Frp)
5. Linn Gjerde (BBL)

For valperioden 2023-2027 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Håvard Rørtveit (H)
Nestleiar	Liv Hovland Ruud
Medlem	Olaug Mari Øen (Sp)
Medlem	Steinar Skartland (Krf)
Medlem	Knut Jørgen Sandvik (VL)

Varamedlemmer

1. Dagfinn Kvamme (Frp)
2. Ingrid Charlotte Søndena (H)
3. Reidar Havås (Ap)
4. Josef Blikra (Sp)
5. Camilla Synniva Strandnes (Sp)

Utvalsleiar Håvard Rørtveit er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har ikkje delteke på møta i 2023.

Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Kommunedirektøren eller andre frå administrasjonen har vore til stades på tre av møta i 2023.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2023

Kontrollutvalet har i 2023 hatt 4 møter fordelt på to om våren og to på hausten. Utvalet har opne møte, men dei skal og kan lukke når det er heimla i lov. Utvalet held møta på rådhuset.

Utvalet har hatt 20 saker til handsaming, kor 4 av sakene blei vidaresendt til handsaming i kommunestyret. 28 saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Det var fleire frå det nyvalde utvalet som deltok på opplæringskveld i Aksdal 14.11.23.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med kommunedirektør/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føreseigner, god kommunal rekneskapsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 24.05.23, sak 06/23 kommunen sin årsrekneskap for 2022 til handsaming.

Årsrekneskapen viste eit netto driftsresultat på kr 57,3 mill.kr, som utgjør 6,3% av driftsinntektene. Dette er godt øve anbefalt nivå, som er 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 blei utarbeida i 2020, og var basert på ein Risiko- og vesentleganalyse. Kommunestyret vedtok den nye planen, etter innstilling frå kontrollutvalet, i møtet 27.10.20, sak 63/20.

Rogaland Revisjon sin forvaltningsrevisjonsrapport om «**Digitalisering og IKT**» blei handsama av kontrollutvalet hausten 2022 og kommunestyret våren 2023. Revisor hadde peika på fleire forbettringspunkt, som var sett opp i åtte tilrådingar. Kontrollutvalet og kommunestyret handsama oppfølging av rapporten hausten 2023. Kommunestyret tok kommunedirektøren si tilbagemelding til orientering.

Prosjektet om «**Plan og byggjesak**» som utvalet har tinga frå revisor vil bli levert i mai 2024.

Utvalet har også tinga ny Risiko- og vesentlegsanalyse frå revisor. Denne analysen skal danne grunnlaget for nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2023 – 2027. Utvalet vil arbeide med desse planane i løpet av 2024.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll.

Planen for 2020-2024 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møtet 27.10.20, sak 62/20. Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2023.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år eigenerklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har vore kommunen sin revisor sidan 01.07.21, med Therese S. Bjørkeland som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 22.06.21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimisrevisjonsarbeidet og lagt fram plan for forenkla etterlevingskontroll.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon kom med si uttale for rekneskapsåret 2022 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen.

Revisor hadde undersøkt etterleving av framlegging av politiattest. Revisor hadde ingen merknader og utvalet tok den til orientering.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

5. BUDSJETT/REKNESEKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2023:

KONTROLL OG REVISJON	REGNSKAP 2022	BUDSJETT 2023	RGNSKAP 2023
Utvalets utgifter	80 203	100 100	59 441
Revisjonstenester	921 671	987 900	836 663
Sekretariatstenester	220 000	229 000	229 000
Sum utgifter	1 221 874	1 317 000	1 120 236

Kontrollutvalet handsama hausten 2023 framlegg til totalbudsjett for tilsyn og kontroll for 2024. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 402 850.

For arbeidet i utvalet er det budsjettert med kr 126 000, til kjøp av sekretariatstenester kr 240 000 og kjøp av revisjonstenester (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) kr 1 036 850. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

6. SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot kommunedirektør eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS ble etablert i 2004.

Selskapet er eid av ti kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med Rogaland Revisjon IKS, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore rådgjevar Sjur Hatlen. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Solvår Langeland valt som kommunen sin representant til representantskapet med Mats Årvik som varamedlem. Årvik deltok som vara på representantskapsmøtet 24.04.23.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2023 har vore nokon lunde som planlagt. Rekneskapen for 2022 blei handsama i mai. Forvaltningsrevisjonsrapporten om «Digitalisering og IKT» har blitt handsama av kommunestyret og følgt opp av utvalet.

Forvaltningsrevisjonsrapporten om Plan- og byggjesak blei tinga i februar og vil bli lagt fram utvalet i mai 2024. Utvalet har tinga risiko- og vesentleganalyse frå revisor.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Ølen, 14. februar 2024

Steinar Skartland

Håvard Rørtveit
Leiar

Liv Hovland Ruud

Olaug Mari Øen

Knut Jørgen Sandvik

VEDLEGG

Saker til handsaming:

- 01/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 23.11.22
- 02/23 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Plan- og byggjesak»
- 03/23 Årsmelding for kontrollutvalet 2022
- 04/23 Referat- og orienteringssaker 15.02.23

- 05/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 15.02.23
- 06/23 Uttale til rekneskap og årsmelding for 2022
- 07/23 Forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2022 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga
- 08/23 Referat- og orienteringssaker 24.05.23

- 09/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 24.05.23
- 10/23 Oppfølging av revisjonsrapport «Digitalisering og IKT»
- 11/23 Kontrollarbeidet i kommunen - budsjettframlegg for 2024
- 12/23 Evaluering av valperioden 2019 - 2023
- 13/23 Referat- og orienteringssaker 13.09.23

- 14/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 13.09.23
- 15/23 Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar
- 16/23 Revisor si eigenerklæring for 2023
- 17/23 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for 2023
- 18/23 Bestilling av risiko- og vesentlighetsvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023 – 2027 for Vindafjord kommune
- 19/23 Møteplan for 2024
- 20/23 Referat- og orienteringssaker 27.11.23

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.24	05/24
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.02.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker 1 – 9 blir tatt til orientering.

Saksvedlegg:

1. Statusrapport pr. februar 2024
2. Tertialrapport pr. 31.12.23 frå Rogaland Revisjon IKS
3. Tilsynsrapport frå statsforvaltaren i Rogaland ved Ølen skule
4. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst 08.12.23
5. Oppsummering frå dagskonferansen i Sandnes 18.01.24
6. Oppsummering frå NKRF konferansen 31.01 – 01.02.24
7. Oppsummering frå Kontrollutvalsleiaraskulen 2024
8. Invitasjon til FKT sin fagkonferanse på Gardermoen 4. – 5. juni
9. Statsforvaltaren i Rogaland – Informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2024

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering. .

Aksdal, 07.02.24

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt februar 2024 - kontrollutvalet

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
ROV og planer for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	27.11.23	115 timar	Under utarbeiding	Våren 2024	
Plan- og byggjesak	15.02.23	250 timar	Under utarbeiding	22.05.24	
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama av KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Digitalisering og IKT	26.01.22	23.11.22	14.02.23	13.09.23/ 14.11.23	Ny oppfølging mai 2024

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for eigarskapskontroll	20.11.20	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
Plan for forvaltningsrevisjon	20.11.19	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
IKT og informasjons-tryggleik	22.11.17	12.09.18	31.10.18	08.05.19/ 28.05.19/ 23.11.22/ 13.12.22	
Internkontroll i barnehage og skule	03.02.21	27.10.21	14.12.21	07.09.22/ 20.09.22	
Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta	27.05.20	04.11.20	15.12.20	05.05.21/ 22.06.21/ 04.05.22/ 21.06.22	
Rus- og psykiatritenesta	21.11.18	02.10.19	19.11.19	09.09.20/ 22.09.20	

ORIENTERINGAR

22.05.24	økonomiavd. v/kommunalsjef
11.09.24	helse og omsorg v/kommunalsjef
06.11.24	oppvekst v/kommunalsjef

VINDAFJORD KOMMUNE
 Perioderapportering 31.12.2023



Kunde	Måned												Tot. timer	Tot. sum eks mva
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12		
Regnskapsrevisjon	51	42	93	115	40	44	42	21	31	32	44	10	564	626 318
Bekreftelse/attestasjoner	5	5	7	2	1	3		6		12	16	17	72	79 365
Kontrollutvalg		4			7				8		11		30	32 745
Rådgivning								1		1			2	2 220
Forvaltningsrevisjon	5	1	0			3		31	46	32	2		119	132 368
Total sum	60	50	100	117	47	49	42	59	85	77	73	27	787	873 015

VINDAFJORD	FR	RR	ATT	KU	RÅD	TOTALT	SUM
B 2021	105	175	100	25		405	388 800
R 2021	11	135	75	17	1	238	228 480
B 2022	250	350	240	50		890	943 400
R 2022	219	429	172	46	4	870	921 670
B 2023	250	350	240	50		890	987 900
R 2023	119	564	72	30	2	787	873 015
B 2024	250	350	240	50		890	1 036 850

Budsjett 2024:

Budsjett fra tidligere år er videreført. Timeprisen økes med kr 55,- for 2023 slik at timepris blir kr 1 165,- + mva for kommuner og kr 1 220,- + mva for andre.

Forbruk 2023:

I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør og FEK 2022, planlegging og interim for revisjonsåret 2023 gjennomført. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for seks terminer og flere ulike særattestasjoner som bl.a spillemidler. Revisjonsstrategi og risiko og vesentlighetsvurdering for FEK er presentert for KU.

Av forvaltningsrevisjon er prosjekt *Plan og byggesaker* bestilt. Utarbeidelse av *Risiko- og vesentlighetsvurdering* er vedtatt.

Protokoll

REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND VEKST 3/23

DATO: fredag 8. desember 2023

TID: 14.00

STED: Vabakkjen 6, Stord

TIL STEDE

Karmøy kommune:	Leiv Arne Marhaug, Øystein Hagerup
Haugesund kommune:	Nils Konrad Bua, Ole Bernt Thorbjørnsen
Tysvær kommune:	Monika Lindanger, Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Marte Eide Klovning
Bokn kommune:	Egil Våge, Ingeborg Skjølingstad
Sveio kommune:	André Mundal Haukås, Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal, Yngve Folven Bergesen
Suldal kommune:	-
Sauda kommune:	Håvard Handeland, Vegard Thise
Etne kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Rogaland fylkeskommune:	-
Administrasjonen:	Sigmund Lier, Gunn Evy Auestad
Velg et element.	

SAKSLISTE

- Sak 07-23: Valg av møteleder**
Karmøy-ordfører Leiv Arne Marhaug ble valgt som møteleder
- Sak 08-23: Godkjenning av innkalling og dagsorden**
Innkalling og dagsorden ble godkjent.
- Sak 09-23: Behandling av budsjett for 2024.**
Representantskapet vedtok budsjett for 2024 som foreslått og framlagt av sekretariatet.

Rådet ønsker at administrasjonen setter opp en økonomiplan for selskapet.

Det ble orientert om at Suldal har meldt seg ut av Haugaland Vekst IKS og Regionrådet for Haugalandet.
- Sak 10-23: Valg av revisor**

KPMG ble valgt til revisor for 2024.
Sekretariatet ser på valg av ny revisor til neste representantskapsmøte.
- Sak 11-23: Valg av styre**

Valgkomiteen har satt i gang arbeidet med å finne nytt styre til Haugaland Vekst. Yngve Folven Bergesen påpekte at det er uheldig med nytt styre og nytt representantskap samtidig og parallelt med utarbeidelse av ny eierstrategi. Valgkomiteen foreslå derfor å prolongere dagens styre til våren 2024. Forslaget ble enstemmig vedtatt.

Sak 12-23: Samarbeidsavtalen mellom Haugaland Vekst og Haugalandsrådet IPR
Saken utgikk.

Kopi: Haugaland kontrollutvalgssekretariat, post@kontrollutvalgene.no



Konferanse 2024 for kontrollutvalgene

Tema for årets konferanse er **KONTROLLUTVALGETS ROLLE OG OPPGAVER.**

[Quality Hotel Residence](#), Sandnes

18. januar 2024

PROGRAM

09:00	Mingling og registrering fra kl 9.15 – 10.00
10:00	Velkommen <i>Carine Jøssang – daglig leder Rogaland Kontrollutvalgssekretariat</i>
10:05	Ny i kontrollutvalget Rogaland Kontrollutvalgssekretariat
10:30	Hvordan håndtere henvendelser til kontrollutvalget? Inklusive Caseoppgaver og benstrekk Solveig Kvamme, Rådgiver, Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS
11.45	Lunsj
12:45	Habilitet, regnskap og regnskapsrevisjon Rune Haukaas, Rogaland Revisjon IKS
13:45	Pause
13:55	Forvaltningsrevisjon – erfaringer fra revisor Silje Nygård, leder av forvaltningsrevisjon, Rogaland Revisjon IKS
14:45	Benstrekk
14:50	Samarbeidet mellom kontrollutvalget og kommunen Knut Underbakke, Kommunedirektør Sola kommune Janne Stangeland Rege, Ordfører Sola kommune
15:30	Avslutning og vel hjem

Pris **kr 1400.-** pr. person

Påmelding innen 20. desember 2023

VELKOMMEN!

NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024

[Tilbake til kursoversikten](#)

Nøkkelinno

Fra/til	31.1—1.2
Påmeldingsfrist	14.12
Pris	Kr 8 450 eks. mva. med overnatting (inkl. frokost og middag) (ikke-medl.: kr 8 950 eks. mva.) Kr 6 525 eks. mva. uten overnatting (ikke-medl.: kr 7 025 eks. mva.) Kr 1 322 eks. mva. for overnatting (inkl. frokost) fra 30. til 31. januar 2024
Sted	Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen
Varighet	31.1.: 10.00 - 17.00 1.2.: 09.00 - 13.00

Vi har gleden av å invitere til NKRFs 20. Kontrollutvalgskonferanse 31. januar - 1. februar 2024 og som vanlig i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

Program

Onsdag 31. januar 2024

09.00: Registrering

10.00: Velkommen

- Konferansier Håkon Haugsbø og daglig leder Rune Tokle, NKRF

10.10: Åpning

- Annonseres senere

10.30: Pause

10.50: Derfor er habilitet så viktig

- Geir Lippestad, advokat Lippestadadvokatene
- Annonseres senere

11.50: Pause

12.10: Kontrollutvalgsleder i fire år – slik gjorde jeg det

- Bård Hoksrud, tidligere leder av kontrollutvalget i Bamble

12.25: Kontrollutvalgsleder de neste fire år - slik skal jeg gjøre det

- Hedda Foss Five, nyvalgt leder av kontrollutvalget i Skien

12.40: Viktigheten av kontrollutvalget sett fra KS' side

- Martin Skramstad, seniorrådgiver i KS

12.50: Samtale

13.10: Lunsj

14.10: Forvaltningsrevisjon av bærekraft i kommunene

- Øyvind Nordbrønd Grøndahl, avdelingsleder for forvaltningsrevisjon i Romerike revisjon IKS

14.55: Pause

15.15: Slik var personopplysningssikkerheten i kommunene

- Kristine Stenbro, fagdirektør i Datatilsynet
- Camilla Nervik, seksjonssjef i Datatilsynet

16.00: Pause

16.20: Tillit er demokratiets lim

- Annonseres senere

17.00: Slutt for dagen

Torsdag 1. februar 2024

09.00: Hvordan kan kommunene bidra til vår nasjonale sikkerhet?

- Annonseres senere

09.45: Pause

10.05: Ekstremværet Hans – var det bare en forsmak? Hva må kommunene forberede seg på?

- Frode Longva, assisterende direktør i CICERO Senter for klimaforskning
- Torild Fagerbekk, avdelingsdirektør, avdeling for samferdsel, plan og miljø i KS

11.00: Pause

11.20: Menneskerettigheter i kommunene

- Vidar Strømme, fagdirektør i Norges institusjon for menneskerettigheter
- Eivind Digranes, rådgiver Norges institusjon for menneskerettigheter

12.05: Pause

12.25: Kontrollutvalgets betydning for ivaretagelse av demokratiet

- Jan Erik Røsvik, politisk redaktør i Sunnmørsposten

13.00: Lunsj

Minikurs – valgfrie tilbud parallelt med hovedprogrammet [OBS krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser]

Målgruppe: Nye ledere og medlemmer av kontrollutvalget

Onsdag 31. januar 2024 kl. 14.10 – 17.00:

A. Kontrollutvalgets formål, rolle og oppgaver, herunder kort om regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

- Bjørn Bråthen, seniorrådgiver i NKRF
- Knut Erik Lie, seniorrådgiver i NKRF
- Ellen Lange, seniorrådgiver i NKRF

Torsdag 1. februar 2024 kl. 10.05 – 11.00:

B. Lederrollen i kontrollutvalget

- Ragnhild Aashaug, seniorrådgiver i Konsek Trøndelag AS og nestleder i NKRF, tidligere ordfører i Tolga
- Bjørn Tømmerdal, daglig leder i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS, tidligere ordfører i Ålesund

Torsdag 1. februar 2024 kl. 11.20 – 13.00:

C. Forstå det kommunale regnskapet

- Inger Anne Ankersen, daglig leder i Viken kommunerevisjon IKS og medlem av styret i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk
- Knut Tanem, oppdragsansvarlig revisor i Revisjon Midt-Norge SA, medlem av NKRFs revisjons- og regnskapskomite og medlem av Fagkomiteen i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk

Det tas forbehold om endringer i programmet. (sist oppdatert: 15. november 2023).

Kontrollutvalgslederskolen del 2, 5. og 6. februar 2024

[Clarion Oslo Airport, Gardermoen](#)

Program 5.februar

13.00	Lunsj
14.00	Åpning Anne-Karin Femanger Pettersen generalsekretær
14.05	Tryggere kontrollutvalgsledere i møter • Rettslige og faktiske rammer rundt kontrollutvalgsmøtet • Presentasjon av eksempler til diskusjon i grupper. • Vi legger opp til god tid til diskusjoner i grupper om relevante problemstillinger som dukker opp i møter og som kontrollutvalgslederen må være forberedt på. • Oppsummering Bjørn Halvor Wikasteen K-sekretariatet IKS Bjørn har tidligere jobbet som juridisk rådgiver, advokat og dommerfullmektig
17.00	Pause og slutt for dagen
19.00	Middag

Program 6. februar

Roger Solheim og Maj-Britt Aagaard | SOLKOM

Roger er daglig leder i SOLKOM og har bakgrunn som politisk rådgiver i tre ulike regjeringer. Han var statssekretær i den siste Stoltenberg-regjeringen.

Maj-Britt har blant annet jobbet som journalist i Dagsnytt 18 og Dagbladets debatt- og kommentar-redaksjon

09.00	Tryggere kontrollutvalgsledere i møte med media. • De redaktørstyrte medienes rolle i samfunnet • Krav til medier og journalister, formelle og reelle • Hvordan jobber lokale, regionale og nasjonale medier, og hvilke saker er de opptatt av?
10.00	Pause
10.15	• Mediestrategi og budskapsformulering: Hvordan få ut de gode sakene? • Medievett: Hva gjør vi når mediene kontakter oss? Og hva er de vanligste feilene? • Gjennomgang av relevante eksempler (fra FKT)
11.45	Pause
12.00	• Presentasjonsteknikk: Skrivende, Radio og TV • Oppsummering/diskusjon
12.55	Avslutning
13.00	Lunsj

Praktisk informasjon

Tidspunkt	5. – 6. februar 2024 Dag 1: kl. 14.00 – 17.00 (lunsj kl. 13.00) Dag 2: kl. 09.00 – 13.00 (lunsj kl. 13.00)
Hotell	Clarion Oslo Airport, Gardermoen
Deltakeravgift	Medlemmer: kr 7 900 andre: kr 8 400
Påmelding	Frist for påmelding: 4. januar. Ta kontakt med FKT hvis du vil melde deg på etter fristen: anne-karin@fkt.no
Ev. avbud	Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr 500 i tillegg til eventuelle kostnader FKT får til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltakeravgift.
Annet	Det tas forbehold om endringer i programmet. Timeplanen er veiledende.

Fagkonferansen for kontrollutvalg 4. juni – 5. juni 2024

I 2024 arrangeres fagkonferansen 4. juni – 5. juni på **Quality Airport Hotel, Gardermoen**

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontrollarbeid i kommunal sektor.

Programmet

Program (pdf) legges ut senere

Kontrollutvalget – roller og samspill

Mange er ferske i kontrollutvalget og de trenger kunnskap om utvalgets rolle og hvordan utvalget skal opptre i samspill med andre aktører som har ansvar for kontroll i kommunene. Vi inviterer representanter fra både kontrollutvalg og revisjon, ordfører og kommunedirektør til samtale og refleksjon rundt tema «Kontrollutvalget – roller og samspill».

Habilitet og tillit

Høsten 2023 har nyhetsbildet vært preget av ulike habilitetssaker og spørsmål om innsideinformasjon. Hvordan påvirkes tilliten til politikerne av dette? Er det grunn til å se nærmere på tilsvarende problemstillinger i lokalpolitikken?

Henvendelser og varsling

Kontrollutvalget kan erfare å ta imot henvendelser om mer eller mindre konkrete kritikkverdige forhold. Hvordan skal kontrollutvalget håndtere slike henvendelser? Og hva med varsling – har kontrollutvalget noe med det å gjøre?

Økonomisk bærekraft

Har kommunen din en bærekraftig økonomi? Hvordan kan kontrollutvalget finne ut det? Har kontrollutvalget et ansvar her?

Vi vil også vise fram gode eksempler på forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Deltakeravgift: Medlemmer kr. 7 900, andre kr. 8 400

Påmeldingsfrist: 29. april



Tilsynsrapport - Vedtak

Tidleg innsats 1. til 4. trinn

Vindafjord kommune – Ølen skule – juni 2023



Samandrag

Vi fører tilsyn med Vindafjord kommune. Temaet for tilsynet er tidleg innsats 1. til 4. trinn og krava er henta frå opplæringslova § 1-4.

Skulen har plikt til å gi intensiv opplæring til dei elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning. Hensikta er at elevane raskt får eigna støtte og oppfølging, slik at problema ikkje får høve til å utvikle seg.

Vi har funne at Ølen skule gjennomfører kartleggingar slik at dei har oversikt over ferdigheitene til elevane i lesing og rekning, og at elevane får ekstra oppfølging. Dei samla funna våre viser likevel at Ølen skule ikkje har ei felles forståing for kva som ligg i lovkravet om intensiv opplæring. Derfor er det heller ikkje felles forståing for kven som treng intensiv opplæring. Konsekvensen av dette er at skulen ikkje oppfyller krava på alle områda.

Vår konklusjon er at Vindafjord kommune ikkje sørger for at Ølen skule oppfyller krava til tidleg innsats 1.-4. trinn.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og har ikkje uttalt seg innan fristen. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 01.11.2023.

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Kort om kommunen og skulen	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet	3
1.3	Formålet med tilsynet	4
2	Tidleg innsats 1.-4. trinn	4
2.1	Rettslege krav	4
2.1	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
2.1.1	Å identifisere elevane det gjeld	6
2.1.2	Eleven skal få hjelp raskt	8
2.1.3	Eleven skal få eigna intensiv opplæring	9
2.1.4	Eleven sitt beste	10
2.1.5	Verknaden av den intensive opplæringa	12
3	Våre reaksjonar	13
3.1	Pålegg om retting	13
3.2	Oppfølging av pålegga	14
4	De har rett til å klage	14
	Liste over dokumentasjon	15

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndighetsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentligelova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

1.1 Kort om kommunen og skulen

Vindafjord kommune har 8 775 innbyggjarar, og ca. 1 450 elevar i grunnskulen. Kommunen har ni grunnskular der elevtala spenner seg frå ca. 25 til 300 elevar. Rundt 30% av elevane på 5. trinn har vore på nivå 1 på lesing og rekning på nasjonale prøvar dei siste 5 åra. Deloitte gjennomførte forvaltningsrevisjon i kommunen på internkontroll i barnehage og skule i 2021. Tidleg innsats var eit av temaa dei vurderte. Der fann dei at kommunen hadde gode system for å sikre at det blir gjennomført kartleggingsprøver, og at resultata blir følgt opp. Dei fann også at kommunen ikkje hadde utarbeidd rutinar for korleis skulane skulle sikre lovkrava om tidleg innsats på 1.-4. trinn.

Ølen skule er den nest største skulen i kommunen med 280 elevar frå 1.-10. trinn. Det er 38 lærarar og 8 assistentar som arbeider ved skulen. Leiinga består av rektor og to avdelingsleiarar. 35 elevar ved skulen får spesialundervisning og 39 får særskilt norskopplæring. Ølen skule har fleire elevar på nivå 1 i lesing og rekning enn gjennomsnittet i kommunen.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Vindafjord kommune i brev frå 07.03.2023. De vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er tidleg innsats 1.-4. trinn, jf. opplæringslova § 1-4:

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengane etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventna progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Dersom Ølen skule ikkje følger regelverket, kan vi påleggje retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 09.06.2023. I han presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

1.3 Formålet med tilsynet

Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen gir intensiv opplæring i tråd med reglane om tidleg innsats 1.-4. trinn i opplæringslova § 1-4.

Ferdigheiter i lesing, skriving og rekning er viktige for den framtidige læringa og meistringa til eleven. Dersom det ikkje blir sett i verk tiltak tidleg i opplæringa, kan utfordringa til elevane få utvikle seg og forsterke seg over tid. Derfor er det klare krav til korleis den intensive opplæringa skal gjennomførast.

Intensiv opplæring er ein del av den ordinære tilpassa opplæringa. Det skal vere ein kortvarig og målretta innsats frå skulen i lesing, skriving eller rekning for elevane som har behov for det. Målet er at elevane raskt skal nå trinnet sin forventa progresjon i ferdigheitene.

Det er store skilnadar når det gjeld kor stor del av elevane som har vedtak om spesialundervisning, og korleis spesialundervisninga blir organisert i Noreg. Dette kan tyde på at kommunane praktiserer grenseoppgangen mellom ordinær opplæring og spesialundervisning ulikt. Det er viktig at skulane identifiserer kven av elevane som har behov for intensiv opplæring og kven som har behov for spesialundervisning for at elevane skal få rett hjelp.

2 Tidleg innsats 1.-4. trinn

2.1 Rettslege krav

Skulen skal identifisere elevane som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning på 1.-4. trinn.

Skulen skal vurdere om elevane står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning ut frå forventa progresjon i ferdigheitene. Forventa progresjon må vurderast ut frå eit fagleg skjønns der ein både legg kompetansemåla i læreplanverket og forventa måloppnåing til grunn. Terskelen skal vere låg for at skulen vurderer at elevane står i fare for å henge etter.

Skulen skal gjennom løpande og systematisk undervegsvurdering få oversikt over elevane som står i fare for å bli hengande etter. Kartleggingsprøver vil også identifisere elevane. Dersom ein elev skårar under kritisk nivå på ei kartleggingsprøve, tilseier det at eleven har behov for intensiv opplæring. Det er eit premiss at eleven ikkje skal ha avvik frå kompetansemåla i læreplanverket.

Skulen skal raskt gi elevane som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning intensiv opplæring.

Formålet med intensiv opplæring er at elevane raskt får eigna støtte og oppfølging, slik at problema ikkje får høve til å utvikle seg. Når skulen har identifisert elevane som står i fare for å bli hengande etter, skal dei derfor raskt gi eleven intensiv opplæring. Skulen kan for eksempel ikkje vente på resultat frå kartleggingar før dei set i gang. Måten skulen planlegg, organiserer og gjennomfører den intensive opplæringa skal heller ikkje forsinka innsatsen.

Skulen skal gi eleven eigna intensiv opplæring.

Skulen skal gi eigna intensiv opplæring ut frå den enkelte eleven sine behov. Det vil seie at skulen må bruke fagleg skjønns for å vurdere korleis den intensive opplæringa best kan organiserast og gjennomførast. Prinsippet om inkludering og omsynet til elevens beste skal leggjast til grunn.

Inkludering er eit grunnleggjande prinsipp i norsk skule. Derfor skal skulen organisere og gjennomføre den intensive opplæringa slik at eleven i størst mogleg grad opplever å vere ein del av eit inkluderande læringsmiljø.

Dersom oppfølginga av eleven skal bli vellukka, er det viktig at foreldra får nødvendig informasjon frå skulen.

Skulen skal legge omsynet til elevens beste til grunn når dei gir den intensive opplæringa i gruppe og eineundervisning.

Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som berører barn. Kva som er barnet sitt beste må vurderast utifrå ulike moment, som for eksempel barnet sin rett til utdanning, sårbarheiter og barnet sitt eige syn og menningar.

Prinsippet om inkludering er ikkje til hinder for å gi intensiv opplæring i mindre gruppe i kortare periodar når det er nødvendig for læringa til eleven og til eleven sitt beste.

Den intensive opplæringa kan bli gitt som eineundervisning i ein kortare periode berre dersom omsynet til eleven sitt beste talar for det. Det inneber at skulen må gjere ei konkret vurdering av kva som er til eleven sitt beste i kvart einskild tilfelle. I ei slik vurdering må skulen ta omsyn til eleven sitt syn på saka.

Skulen skal følge opp om den intensive opplæringa fører til at eleven når forventa progresjon.

Skulen skal følge opp om den intensive opplæringa fører til progresjon i eleven sine ferdigheiter. Når eleven når forventa progresjon, skal skulen avslutte den intensive opplæringa. Dersom eleven etter rimeleg tid med intensiv opplæring ikkje når forventa progresjon, må skulen vurdere om det er behov for å endre opplegget. Viss den intensive opplæringa avdekkjer at eleven ikkje har tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, gjeld reglane for spesialundervisning.

2.1 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

I tilsynet skal vi vurdere om skulen har oppfylt dei rettslege krava, som er formulerte som kontrollspørsmål. Under kvart spørsmål finn de først grunnlaget vi legg til grunn, kalla *våre observasjonar*. Deretter kjem våre vurderingar, og til slutt konklusjonen for kvart kontrollspørsmål der vi stadfestar om de oppfyller krava eller ikkje. Statsforvaltaren vil presisere at det ikkje er dokumentasjonskrav i enkeltsaker når skulen gir intensiv opplæring. Dermed kan ikkje Statsforvaltaren få full oversikt over den intensive opplæringa på Ølen skule. Vi legg den samla informasjonen frå tilsette, elevar, føresette og dokumentasjon til grunn for vurderingane våre.

I dette tilsynet kontrollerer vi intensiv opplæring i tråd med opplæringslova § 1-4. Det betyr kortvarig og målretta tiltak for at den enkelte eleven skal kunne følge trinnet sin forventa progresjon i lesing, skriving og rekning. Spesialundervisning, særskilt språkopplæring og ekstra støtte eller styrking i undervisninga er ikkje intensiv opplæring i denne samanhengen.

Vi bruker omgrepet intensiv opplæring i våre vurderingar, og ikkje tidleg innsats¹.

¹ Jf. forslag til ny opplæringslov § 11-3, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-57-l-20222023/id2967679/>

2.1.1 Å identifisere elevane det gjeld

Identifiserer skulen elevane som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning på 1.-4. trinn?

Våre observasjonar

Vindafjord kommune og Ølen skule har fleire dokument som synleggjer korleis skulane skal følge med på elevane si læring og utvikling. Dokumentet *Kartlegging i Vindafjordskulen – fang opp følg opp* viser til både nasjonale og lokale kartleggingar som Ølen skule skal gjennomføra på dei ulike trinna. Her finn vi at det skal bli laga tiltaksplan for elevar som skårar under kritisk grense.

Årshjul- Tidleg innsats Ølen skule 2022/2023 bygger på den kommunale rutinen.

I *Leseplan 1.- 7. trinn Vindafjord kommune* finn vi tilpassa opplæring som omgrep, men intensiv opplæring er ikkje nemnt. Planen beskriv arbeidet med lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheiter på ulike trinn. Leseplanen har fleire aktivitetar som trener skriving som ferdigheit, samtidig les vi at skriving ikkje er vektlagt i planen. Ølen skule har arbeidd fram læringstrapper mot nasjonale prøver i lesing og rekning på 5. trinn. Læringstrappene viser til meistringsnivåa på nasjonale prøver, men viser ikkje til kompetansemåla i læreplanen. Skulen utarbeider også årsplanar i dei ulike faga. Nokre av dei viser til kompetansemål, og viser tydeleg kva aktivitetar som blir nytta i læraren si undervegsvurdering. Andre har tema for innhald i opplæringa som er knytt til læreboka, og viser ikkje når og korleis lærarane vurderer elevane si læring. Skulen bruker Visma for å dokumentere halvårsvurderinga til elevane.

Dokumentet *Overgangsprosedyrar* viser at skulen har faste aktivitetar i overgangen frå barnehage til skulen, mellom anna informasjonsmøte til føresette og møter mellom barnehagen og skulen der kartleggingsresultat er tema.

Resultata frå kartleggingar hausten 2022 viser at ingen elevar var under kritiske grense på 1. og 2. trinn. På 3. trinn var halvparten av elevane under kritisk grense i lesing, og 4 elevar i rekning. I rektor sin oversikt over tidleg innsats 2022-23 finn vi at det er færre elevar på 3. trinn som får intensiv opplæring enn det som er identifisert i kartlegginga hausten. Oversikten viser at det er fleire elevar som får intensiv opplæring på 3.-4. trinn enn på 1.-2.

Ølen skule set av tid til arbeid med å identifisere elevar som står i fare for å bli hengande etter. Vi finn at personalet arbeider med dette både i fellestid, i teamtid, i kontaktlærarmøta, PP-dag og i drøftingsmøte med leiinga. Det er ei forventning om at uro for elevane sitt læringsutbytte blir meldt til leiinga. I intervju fortel lærarane at sjølv om dei snakkar om elevane si læring jamleg både på trinn og med leiinga, blir det opp til den enkelte lærar å identifisere og konkludere med kven som treng intensiv opplæring. Lærarar fortel i intervju at dei opplev at skulen ikkje arbeider strukturert med å avdekke, og at dei er usikre på korleis dei skal gjennomføre dei ulike kartleggingane.

Det er uklart om og korleis lærarane bruker læringstrappene og leseplanen. Leiinga fortel i intervju at dei har ei forventning om at lærarane bruker trappene i arbeidet med å identifisere elevar.

I intervju fortel lærarane at dei ikkje har diskutert terskel og forventa progresjon som omgrep i personalet, dette blir stadfesta av leiinga. Generelt finn vi at omgrepet intensiv opplæring er lite

brukt i alle planane. Rektor kjenner rettleiaren² for tidleg innsats, men han har ikkje vore tema i personalet.

Våre vurderingar

Regleverket krev at skulen identifiserer kva elevar som står i fare for å bli hengande etter, utifrå kva som er forventa progresjon i lesing, skriving eller rekning. Terskelen for å vurdere at ein elev kan henge etter, skal vere låg.

Kommunen har mange verktøy for å overvake og følge med på elvane si læring og utvikling i lesing og rekning slik at dei kan få oversikt og identifisere elevar som står i fare for å bli hengande etter. Vi finn ikkje tilsvarande i skriving.

Leiinga ved Ølen har oversikt over kven som får intensiv opplæring, kor mange elevar som er under kritisk grense, og har sett av tid til å analysere resultata. Intervju og dokumentasjon viser at lærarane analyserer elevane sine kartleggingsresultat, men dei gir ikkje ei samla vurdering av den enkelte eleven sine ferdigheiter. Vi finn derfor ikkje ein innarbeidd og felles praksis for å samanhalde den enkelte eleven sin ferdigheiter opp mot forventa progresjon og kor langt ein har kome i opplæringa.

Både i overgangsrutinen og i rutine for kartlegging finn vi verktøy som skal nyttas for å avdekka utfordringar tidleg. Likevel er dei tilsette usikre på korleis dei skal identifisere elevar på 1. og 2. trinn. Når vi samla sett finn at få elevar får intensiv opplæring i begynnaropplæringa kan dette, etter vår vurdering, henge saman med ein for høg terskel for å gi intensiv opplæring. Intensiv opplæring i begynnaropplæringa handlar også om å gjennomføre tiltak som kan forebygge. Elevar som står i fare for å bli hengande etter kan ha behov for målretta tiltak før vanskane viser seg. Dette betyr at lærarane må vite kva risikofaktorar dei skal sjå etter, og bruke informasjonen dei har fått frå barnehagen.

Årsplanane vi er kjent med viser etter vår vurdering ikkje kva som er forventa progresjon i ferdigheitene, eller korleis lærarane skal gjennomføre undervegsvurdering i faget. Læringstrappa i lesing tek ikkje utgangspunkt i læreplanen, og trappa seier lite om dei ferdigheitene elevane skal lære. Reknetrappa kan, i større grad, støtte arbeidet med å identifisere elevar som står i fare for å bli hengjande etter. Det er uklart for oss korleis trappene er tenkt brukt og korleis dei faktisk blir brukt. Leseplanen er etter vår vurdering eit egna verktøy, men vi kan ikkje sjå at denne planen ligg til grunn for leseopplæringa. Intervjua stadfester at skulen ikkje har arbeidd med forventa progresjon i ferdigheitene. Vi meiner derfor at skulen ikkje vurderer forventa progresjon ut frå kompetansemål og forventa måloppnåing.

Vi meiner at skulen praktiserer ein for høg terskel av fleire grunnar. Kritisk grense på kartleggingsprøvar er, og skal vere, ein del av systemet for å overvake elevane sine ferdigheiter, men det er ikkje tilstrekkeleg. Lova krev også at skulen løpande vurderer om elevar kan henge etter, uavhengig av kartleggingar. I tillegg finn vi at færre elevar på 3. trinn får intensiv opplæring samanlikna med dei som er identifiserte i kartleggingane. Høg terskel kan føre til at elevar som treng hjelp ikkje får det, eller får hjelp for seint, og elevar som skulle hatt spesialundervisning får feil hjelp. Denne praksisen kan verke mot lova si hensikt, som er å gi elevane tidleg hjelp slik at vanskane ikkje får høve til å utvikle seg.

Konklusjon

² [Udir - intensiv opplæring](#)

Funna våre viser at skulen ikkje har arbeidd fram ei felles forståing for kva intensiv opplæring er. Dermed har dei heller ikkje ei felles forståing for kven som treng intensiv opplæring. Dokumentasjon og intervju viser at nokre av elevane som er identifisert, og som får intensiv opplæring, har store og vedvarande behov, og at dei derfor ikkje er i målgruppa for intensiv opplæring. Vi finn eksempel på at elevar med intensiv opplæring har avvik frå kompetansemål. I lova er det eit premiss at elevar ikkje skal ha avvik frå læreplanen i den intensive opplæringa.

For å få rett praksis må skulen løpande vurdere om elevar skal få intensiv opplæring. Som rettesnor i undervegsvurderinga må skulen og lærarane bruke læreplanen, plan og gjennomføring av undervisninga, deira kompetanse om elevanes si læring og sitt pedagogiske skjønn. I tillegg må skulen definere progresjon elevane si læring i lesing, skriving og rekning på 1. – 4. trinn i tråd med læreplanen³ og ha ei klar forståing for kva som er terskelen for å stå i fare for å bli hengande etter.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen ikkje oppfyller krava på dette punktet.

2.1.2 Eleven skal få hjelp raskt

Gir skulen elevane som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning raskt intensiv opplæring?

Våre observasjonar

Skulen har fast styrkingsressurs i norsk og matematikk på 1.-4. trinn. Dette er ei ny organisering av skuleåret. Før blei den intensive opplæringa gitt i form av fastlagte kurs. I eigenvurdering og intervju kjem det fram at ressursen blir brukt til ulike oppgåver som for eksempel intensiv opplæring, ekstra hjelp, testing og fagarbeidaroppgåver. Årshjulet for tidleg innsats viser at lærarane skal setje inn tiltak når dei har kartlagt elevane og analysert resultatata.

I intervju kjem det fram at skulen har lagt om frå kurs til styrkingsressurs fordi elevane ofte måtte vente på kurs for å få intensiv opplæring, og at det var mindre tilpassingar i den ordinære opplæringa. I tillegg var det ei svakheit at kursa blei utsette pga. ressursmangel, og at kursa ikkje var tilpassa den enkelte eleven sine behov. Hensikta med styrkingsressursen er, slik vi forstår det, å ha tilgjengeleg ressursar slik at eleven kan få intensiv opplæring når det er behov. Vi finn ikkje ei beskriving av oppgåvene til styrkingsressursen, og det er uklart om ressursen har fleire oppgåver enn intensiv opplæring. Leiinga seier at ei svakheit med noverande system er at lærarane opplever at det er krevjande å få tid til intensiv opplæring i tillegg til andre oppgåver i klasserommet. Vi får opplyst at andre oppgåver og fråvær set styrkingsressursen under press.

Både lærarar og foreldre seier at det er ulikt kor lang tid det har gått frå skulen har identifisert at eleven står i fare for å bli hengande etter, til eleven faktisk får ekstra hjelp.

Våre vurderingar

Vi meiner at skulen har tilgjengelege ressursar og eit årshjul som legg til rette for at elevane raskt skal kunne få intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning. Det er ei svakheit ved systemet at oppgåvene til styrkingsressursen ikkje er klart definerte, og at styrkingsressursen blir brukt til å dekke opp oppgåver og manglar på andre område enn intensiv opplæring.

³ <https://www.udir.no - kompetansemål og vurdering i norsk>

Det er få elevar som får intensiv opplæring på 1. og 2. trinn på Ølen skule, og det kan indikere at elevane ikkje får intensiv opplæring raskt nok. Vi vurderer likevel at det heng saman med at elevane ikkje blir identifiserte, jf. førre kontrollspørsmål, og at det ikkje er ressursmangel eller skulen si organisering som forseinkar innsatsen.

Konklusjon

Vår vurdering er at systemet er eigna til at elevane raskt kan få intensiv opplæring når dei først har blitt identifiserte .

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen oppfyller krava på dette punktet.

2.1.3 Eleven skal få eigna intensiv opplæring

Gir skulen elevane som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning eigna intensiv opplæring?

Våre observasjonar

I intervju og eigenvurdering fortel leiinga at lærarane skal utarbeide tiltak på grunnlag av observasjonar og kartleggingar av eleven sine ferdigheiter, og at lærarane drøftar dette i lag på trinn. Den intensive opplæringa blir oftast gitt i grupper, men tilpassa den enkelte sitt behov. Tiltaka skal skriftleggjerast i Stafettlogg, og foreldra får elles informasjon på kontaktmøte eller telefon. Lærarane på si side uttrykker usikkerheit om korleis dei skal gjennomføre den intensive opplæringa, og korleis forholdet mellom intensiv opplæring, tilpassa opplæring og styrking er. Dei opplever det som utfordrande å tilpasse den intensive opplæringa til den enkelte eleven sine behov på gruppe, og seier at dei ikkje alltid har ein plan for den enkelte eleven. Dei spør alltid om eleven har lyst til å bli med ut på gruppe.

Elevane Statsforvaltaren har snakka med opplever at dei får god hjelp til å øve på det dei syns er vanskeleg. Dei fortel at dei har fått ekstra hjelp over tid, og at det er fint å gå ut på grupperom. Dei trur at dei vil trenge ekstra hjelp neste skuleår også. Foreldra kjenner også godt til at barna deira får ekstra hjelp. Dei har fått ulik informasjon frå skulen, men har ikkje detaljert kjennskap til den intensive opplæringa til deira barn.

I utvalde Stafettloggar og referat frå pedagogisk analyse på fellestid finn vi både eksempel på individuelle tiltak og felles tiltak for fleire elevar. Nokre tiltak er konkrete, som arbeid med høgfrekvente ord, AskiRaski, addisjon, medan andre er mindre konkrete som lesetrening og mattegruppe. Vi finn ikkje tiltak på skriving.

I dialogmøte mellom skuleeigar, PPT og Ølen skule les vi at skulen våren 2023 har arbeidd med Udir sin kompetansepakke om inkluderande praksis i profesjonsfellesskapet. Her les vi også at leiinga vurderer at dei treng meir kompetanse i lesing i heterogene grupper på småtrinnet, og at dei ønsker bistand frå skuleeigar og PPT for å finne ut korleis dei kan nå nasjonalt snitt i basisfaga på 1.-4. trinn.

Våre vurderingar

Målet med å gi elevar intensiv opplæring er at den enkelte eleven skal nå igjen resten av trinnet i den eller dei ferdigheitene dei ikkje har hatt forventet progresjon. Det betyr at den intensive opplæringa må vere eigna og tilpassa den enkelte eleven sine behov. Ein føresetnad for dette er at skulen har identifisert kva område eleven må trenast ekstra på for å nå forventet progresjon. Har eleven vanskar med å trekke saman lydar til ord eller lese høgfrekvente ord lydrette? Strever

eleven med plassverdisystemet eller halvering? Er det å skilje mellom vokalar og konsonantar eller å forme bokstavane som gjer at skrivinga er vanskeleg?⁴ Skulen må setje inn målretta tiltak på det aktuelle området.

Statsforvaltaren er ikkje i tvil om at styrkingsressursen i klassen blir brukt til å hjelpe elevar. Vi meiner likevel at hjelpa skulen gir til elevane ikkje er intensiv opplæring, jf. oppl. § 1-4. For det første finn vi eksempel på at elevar får opplæring på lågare kompetansemål enn trinnet tilseier. For det andre er ikkje eleven sine behov kartlagt slik at skulen har klart føre seg kva område eleven treng hjelp på. Skulen spør heller ikkje systematisk elev og føresette om kva dei meiner er eleven sitt behov. For det tredje er det uklart kva tiltak skulen set inn ovanfor den enkelte eleven. Vi finn overvekt av generelle tiltak som lesetrening, tilpassa leselekse og mattegruppe. Vår vurdering er at skulen ikkje har vurdert kva som vil vere eigna tiltak utifrå den enkelte eleven sine behov, og kva som vil vere til eleven sitt beste. Tiltak innanfor skriving er fråverande i funna våre.

Det er tydeleg at lærarane er medvitne at elevane skal kjenne seg inkluderte i fellesskapet sjølv om dei arbeider på grupperom. Inkludering handlar om fagleg og sosial inkludering i like stor grad som organisering. Skulen har starta med kompetanseheving på området, og er slikt sett på veg mot å få ei felles forståing for inkludering. Vi meiner at prinsippet om inkludering ikkje er ein del av vurderinga av kva som vil vere eigna intensiv opplæring pr. no.

Dersom oppfølginga av eleven skal bli vellukka, er det viktig at foreldra får nødvendig informasjon frå skulen. Informasjonen til føresette varierer mykje, og vi vurderer derfor at skulen samla sett ikkje informerer føresette i tilstrekkeleg grad.

Konklusjon

Vi meiner at det er god praksis å setje av tid til å analysere resultata for å finne tiltak både på individ- og klassenivå. Dei samla funna viser likevel at analysearbeidet ikkje munnar ut i eigna tiltak tilpassa den enkelte eleven sine behov i stor nok grad. Det krevst god kompetanse på begynnaropplæringa for å kunne analysere og finne eigna tiltak. Skulen har vurdert at dei treng auka kompetanse på basisfaga på 1.-4. trinn. Udir sin rettleiar for intensiv opplæring presiserer at skuleeigar har det overordna ansvaret for at regelverket blir følgt, herunder at skulen har nødvendig kompetanse.

Dei samla funna viser at skulen ikkje gir eigna intensiv opplæring ut frå den enkelte eleven sine behov, og at skulen ikkje informerer føresette i tilstrekkeleg grad.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen ikkje oppfyller krava på dette punktet.

2.1.4 Eleven sitt beste

Legg skulen omsynet til elevens beste til grunn når dei gir den intensive opplæringa i gruppe og eineundervisning?

Våre observasjonar

I eigenvurdering og intervju fortel lærarane at intensiv opplæring stort sett blir gitt i grupper, men at opplæringa i nokre tilfelle blir gitt som eineundervisning dersom eleven har så store utfordringar at det er til eleven sitt beste. Det blir også sagt at eineundervisning er eit ressurs spørsmål som er avhengig av at styrkingsressursen ikkje vert brukt til sjukefråvær eller

⁴ Eksempel frå *Leseplan 1.-7. trinn Vindaffjord kommune s. 9-10* og *Læringstrapp matematikk 1.-4. klasse*.

elever med åtferdsutfordringar. Lærarane fortel også at dei er sensitive til korleis eleven opplev det å få opplæringa si i gruppe eller eineundervisning. Dei er nøye med å sjekka ut med elevane om dei syns det er greitt å arbeide i lag med andre elevar i ei lita gruppe. Lærarane meiner det er viktig å vere fleksibel og alltid ta omsyn til om eleven vil arbeide i klassen eller i ei gruppe. Nokre gonger er den intensive opplæringa gitt i gruppe saman med elev som har spesialundervisning. Då er dette gjort fordi elevane ønskte dette.

I eigenvurdering og intervju fortel leiinga at lærarane tar omsyn til eleven sitt behov for inkludering ved å ha intensiv opplæring i gruppe eller stasjonsarbeid. Eineundervisning blir gjennomført i sjeldne tilfelle, og berre dersom dette er til beste for eleven og læringsutbyttet. I tilsynet har vi fått kjennskap til ei sak der eleven fekk intensiv opplæring åleine. Innhaldet i opplæringa ga effekt etter kort tid og blei avslutta. Vi finn ikkje ei konkret vurdering av kvifor eineundervisning blei valt, eller om skulen tok omsyn til eleven sitt syn på saka.

Skulen har ikkje ein felles rutine som sørger for at eleven blir høyrte før ein sett i gang med intensiv opplæring. Vi finn heller ikkje eit system for at skulen høyrer elevane om innhaldet og organiseringa av den intensive opplæringa. Lærarar fortel i intervju at dei spør elevane om gruppesamansetning, og rektor stadfestar at dette ansvaret særleg er lagt til kontaktlærarane. Rektor fortel at eineundervisning blir gjennomført fordi eleven vil og ønsker det. Leiinga meiner at lærarane på skulen har god kompetanse i å vurdere barns beste, men at dette ikkje har vore tema i profesjonsfellesskapet.

Elevane Statsforvaltaren har snakka med opplev i varierende grad at lærarane spør dei om deira meiningar. Dei fortel at dei liker å arbeide på grupperom saman med dei andre i gruppa. Dei opplev at opplæringa blir gjennomført slik dei ønskjer det.

Våre vurderingar

Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som berører barn. Vi er ikkje i tvil om at Ølen skule og lærarane legg dette omsynet til grunn for den intensive opplæringa. Elevane var nøgde med å arbeide i grupper fordi dei hadde høg trivsel både med lærar og dei andre elevane på gruppa.

Vi meiner likevel at Ølen skule ikkje har ein praksis der dei *vurderer* kva som er barnet sitt beste i tråd med lovkrava. Vi finn ikkje at skulen og lærarane kan gi ei grunngjeving for deira val i desse sakene, som viser at dei har gjort reelle vurderingar. Dei kan eksempelvis ikkje vise at dei har vektlagt eleven sin rett til utdanning, sårbarheiter og eleven sitt eige syn og meiningar

I lova finn vi at prinsippet om inkludering ikkje er til hinder for å gi intensiv opplæring i mindre gruppe i kortare periodar når det er nødvendig for læringa til eleven og til eleven sitt beste. Ei utfordring med praksis på Ølen skule er at dei sakene vi har fått dokumentert i tilsynet er prega av at elevane får systematisk undervisning i grupper over ein lengre periode. Det står eksplisitt i lova at den intensive opplæringa i grupper skal vere i ein kort periode. Vi meiner derfor at skulen har ein praksis som ikkje er i tråd med lova. Når skulen og lærarane skal vurdere kven som skal ha intensiv opplæring i gruppe skal omsynet til barnets beste vurderast. Kven elevane sjølv ønsker å arbeide med kan vurderast, men like viktig er det å vurdere om den enkelte får best intensiv opplæring i den aktuelle gruppa. I nokre tilfelle vil læraren sitt skjønn vere at eleven sitt ønske ikkje er til elevens sitt beste reint fagleg. Vi finn ikkje at slike vurderingar ligg til grunn for den intensive opplæringa på Ølen skule.

Den intensive opplæringa kan bli gitt som eineundervisning i ein kortare periode berre dersom omsynet til eleven sitt beste talar for det. Det inneber at skulen må gjere ei konkret vurdering av kva som er til eleven sitt beste i kvart einskild tilfelle. I ei slik vurdering må skulen ta omsyn til eleven sitt syn på saka. I intervju seier både tilsette og leiinga at elevar med store utfordringar kan få eineundervisning dersom dei sjølv ønsker det. Dette er uttrykk for ein praksis som ikkje varetar lovkrava. Dersom ein elev har store utfordringar kan det vere viktig å sjå på fleire faktorar i vurderinga. I nokre tilfelle er det gode grunnar for eineundervisning, poenget er at konkrete vurderingar må ha fleire perspektiv enn berre eleven sitt ønske.

I tillegg er det viktig å vere bevisste at elevar med avgrensa utfordringar kan profittere på ei kort drilløkt åleine. For eksempel kan 10 minutt kvar dag i ein kort periode gjere at eleven kan hente igjen forventa progresjon i ein ferdigheit. Saka som vi har fått dokumentert viser at den intensive opplæringa gitt som eineundervisning hadde effekt. Vi meiner at lova opnar for at eineundervisning kan bli gitt, nettopp fordi den kan gi stor effekt på sikt. Samtidig må skulen i desse tilfella kunne gjere ei konkret vurdering av kvifor dette er valt.

Konklusjon

Vi meiner at tilsynet har avdekka at skulen manglar eit system for å gjere barns beste vurderingar når dei gir den intensive opplæringa i gruppe eller som eineundervisning.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen ikkje oppfyller krava på dette punktet.

2.1.5 Verknaden av den intensive opplæringa

Følger skulen opp om den intensive opplæringa fører til at eleven når forventa progresjon?

Våre observasjonar

I eigenvurdering og intervju fortel lærarane at dei følger opp om den intensive opplæringa fører til progresjon gjennom testing, observasjonar, samtale med heimen og drøfting på PP-dag. I eksempla lærarane fortel om, vurderer dei at eleven vil trenge hjelp også neste skuleår. Dei vurderer om elevar skal meldast opp til PPT saman med PP-kontakten, og meiner at nokre av elevane vil ha vanskar med å nå kompetansemåla for trinnet på mellomtrinnet. Leiinga fortel at elevane får intensiv opplæring så lenge det er behov, og at skulen evaluerer effekten i lag med foreldra. Tiltak i Stafettloggen har alltid ein sluttdato. Leiinga seier at eleven ofte får 1-2 bolkar over 6-8 veker med tiltak, men innanfor lesing er det ofte eit lengre løp.

Føresette meiner at dei snakkar om tiltaka verkar på kontaktmøte eller Stafettloggmøte. Dei meiner at hjelpa i hovudsak fører til progresjon hos eleven, men at eleven framleis vil trenge hjelp. Elevane vi har snakka med, meiner også at dei vil trenge hjelp vidare.

I *Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte* les vi at skulen skal kartlegge, vurdere, setje inn tiltak og evaluere før tilvising til PPT. Intensiv opplæring for 1.-4. trinn er ikkje konkret omtala. I årshjul for tidleg innsats les vi at skulen skal evaluere utbytte av tiltaka kontinuerleg, justere undervegs og melde opp til PP-dag, eventuelt psykososialt team, dersom dei ikkje har hatt effekt.

Dokumentet *Dialogmøte* viser at Ølen skule har 9,8 % spesialundervisning på 1.-4. trinn, mens dette er auka til 18,5 % på mellomtrinnet.

Dokumentasjonen i enkeltsakene viser at dei fleste elevane har tiltak i lengre tidsperiodar, tiltaka i Stafettloggen har varigheit mellom 2 månader og eit år. Vi forstår at dei fleste av elevane som har tiltak i 4. klasse, også hadde det førre skuleår. Vi har sett to eksempel på at tiltak blei avslutta

fordi eleven nådde forventa progresjon, og eit eksempel på at elev har fått rett til spesialundervisning etter lengre periode med tiltak.

Våre vurderingar

Skulen skal følge med på om den intensive opplæringa har effekt. Vi finn det sannsynleg at lærarane vurderer om elevane har progresjon i ferdigheitene. Hensikta med intensiv opplæring er at eleven det gjeld skal bli sett i stand til å følge den alminnelege progresjonen i undervisninga på trinnet. Progresjon hos eleven er ikkje tilstrekkeleg i seg sjølv. Dersom eleven over tid ikkje når trinnet sin progresjon, meiner vi at det anten indikerer at tiltaka ikkje har effekt eller at eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og dermed kan ha rett på spesialundervisning.

Vi meiner at manglande effekt av tiltaka kan ha samanheng med at dei ikkje er eigna, jf. våre vurderingar over. Både årshjulet for tidleg innsats og *Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte* omtalar kva skulen skal gjere dersom tiltaka ikkje har effekt. Vi får likevel ulik informasjon om kor systematisk evalueringa av dei enkelte tiltaka er, og i kva grad skulen systematisk følger opp om tiltaka har ønska effekt. Vi finn at praksis i mange tilfelle er at skulen fortset med tiltaka, og vi finn få spor av at skulen har justert eller endra tiltak.

Ølen skule har langt fleire elevar som får spesialundervisning på mellomtrinnet enn på småtrinnet. Det kan vere fleire årsaker til det, men dei samla funna våre viser at elevar får oppfølging over lang tid på småtrinnet. Statsforvaltaren vil presisere skulen fortløpande skal vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og at det ikkje er eit krav at eleven skal få intensiv opplæring over lengre tidsperiode først. Nokre elevar vil ha behov for spesialundervisning utan at det er prøvd ut intensiv opplæring først.

Skulen har plikt til å gi intensiv opplæring berre på 1.-4. trinn. Leiinga fortel at elevane får styrking så lenge dei har behov, også på mellomtrinnet. Det er bra dersom skulen har ressursar til å gi ekstra hjelp til elevar som treng det også på mellomtrinnet, men ekstra ressursar kan ikkje brukast til nivådeling og differensiering over lang tid. *Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte* er tydeleg på at avvik frå kompetansemål eller organisering, eller behov for kompensatoriske tiltak er vilkår for spesialundervisning.

Konklusjon

Dei samla funna viser at skulen følger opp om eleven har progresjon i ferdigheitene det gjeld, og avsluttar tiltaka dersom dei har ønska effekt. Vi finn likevel ikkje at skulen systematisk vurderer om eleven når forventa progresjon, eller tilpassar tiltaka dersom dei ikkje har effekt.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

3 Våre reaksjonar

3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Det er kommunen som er ansvarleg for at skulen blir driven i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Vindafjord kommune må sørge for at Ølen skulen oppfyller krava til tidleg innsats på 1. til 4. trinn, jf. opplæringslova § 1-4.

Kommunen må sørge for at Ølen skule:

- Identifiserer elevane som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning på 1.-4. trinn.
- Gir elevane som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning eigna intensiv opplæring.
- Legg omsynet til eleven sitt beste til grunn når dei gir den intensive opplæringa i gruppe eller som eineundervisning.
- Følger opp om den intensive opplæringa fører til at eleven når forventta progresjon.

3.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 01.11.2023. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

Når vi avsluttar tilsynet, vil vi utarbeide eit informasjonsskriv for elevar og foreldre som summere opp tilsynet og kommunens tiltak.

4 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Stavanger, 30.06.2023

Randi Bjørkås

Lina Bryne Larsen

tilsynsleiar

Liste over dokumentasjon

Dialogmøte mellom skuleeigar-PPT- skule skuleåret 2022/2023 Ølen skule

Gruppe: 2 Kl

Halvårsvurdering (eksempel)

Kartlegging i Vindafjordskulen

Kartleggingsprøvar 3. klasse resultat

Kvalitetsmelding barnehage og skule 2022

Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte

Leseplan 1.-7. trinn Vindafjord kommune

Læringstrapp i arbeidet mot nasjonale prøvar i lesing, 5. klasse

Læringstrapp i matematikk 1.-4. trinn

Møteplan 2020-21

Notat kartlegging: 4. klasse

Overgangsprosedyrar

Oversikt elevar tidleg innsats 1-4 klasse 2022-2023

Oversikt over resultat frå kartlegging Haust – 23 Ølen skule

Pedagogikk og strategi

Skulebasert kompetanseutvikling

Spesialundervisning 2023 1-7. klasse – Ølen skule

Stafettloggar (eksempel)

Tidleg innsats/intensiv opplæring 4. klasse skuleåret 2022-23- Ølen skule

Tidleg innsats 2. klasse

Tilsyn tidleg innsats – Ølen skule Vindafjord kommune April 2023

Årshjul for utviklingssamtalar

Årshjul tidleg innsats Ølen skule

Årsplan i matematikk 2. klasse 2022-23

Årsplan i norsk 3. klasse 2022-23

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

